



Marianne Skjelbred elsker å måla både himmel og hav og har mange gode motiv frå Hengjo.



Bjørn Wefring, som er ein kjend kunstnar i kommunen, målar eit båtmotiv opp ned og såleis vert det spennande med resultatet.



Kunstnarane og kjærastane Anki King og John Mitchell deltek på kunstsymposiet saman.



Kyrre Møgster bestemora si.



Anki King har foreviga det grønne vatnet utanfor bygget.

der HAVET og HIMMELEN møtast

Deltakarane av Kunstsymposium i Austevoll 2015 skulle måla noko frå kystkulturen frå Hengjo i Bekkjjarvik. Kunstnarane kan fortelja at den austevollske naturen inspirerer dei.

I fleire dagar målar ei rekkje kunstnarar frå Bergen, Austevoll og New York naust, båtar, himmel og solnedgang. Dei lærer frå kvarandre og dei ulike måtane deira å angripa motiva på.

Inspirasjon og impulsar Marianne Skjelbred, som har galleri ved Fløyen i Bergen, syntest det er kjempegøy å måla med andre.

– Det er spanande å koma saman med andre kunstnarar, som har ulike impulsar til dømes frå New York. Eg likar meg veldig godt i Austevoll og det er inspirerende å vera her i dette miljøet, seier ho medan ho ser ut over havet og peikar på båtar og naust.

Ho fortel at ho tidlegare same dag såg ein fiskebåt med far og son koma inn i hamna. Dette er eit typisk motiv frå Austevoll, der familiar tradisjonelt har fiska saman. Skjelbred understrekar at ho elsker havet og ljuset og å foreviga samspelet mellom desse. Måleriet ho nesten er ferdig med, viser ein himmel i ulike fargar, som går saman med blå bølger av sjø.

Bjørn Wefring, som er ein av dei som har ansvar for kunstsymposiet, målar eit motiv av nokre båtar opp ned. Han fortel at poenget med arrangementet er å visa kunstnarar at Austevoll har mange fantastiske motiv.

– Kunstnarane kan til dømes vurdere overgangen mellom hav og himmel. Deltakarane fekk blant anna med seg solnedgangen over Marstein fyr, fortel han.

Finn roa

Anki King og John Mitchell, som er to av kunstnarane frå New York og i tillegg kjærastar, er glade for å vera i Austevoll.

– Her er motivet og kvar stad slik ein skulle ha ynskt å koma tilbake til. Eg observerer og målar. Dette er annleis enn den kunsten eg vanlegvis lagar, der eg hentar inspirasjon frå det indre liv og frå fantasien, seier

King alvorleg.

Ho viser fram det fyrste måleriet sitt og skildrar at ho har prøvd å måla det grønne vatnet utanfor, som kan minna om grønt flaskeglas.

– Eg finn roa her og dette er ein stor kontrast til det hektiske livet mitt i New York, utdjuar ho medan ho ser på eit fiskegarn, som heng til tork i den gamle bygningen.

Mitchell held på med å måla eit vindauge frå eit naust og har tidlegare spesialisert seg på liknande perspektiv.

– Det er flott å kunna ta vindauge med seg og setja det inn i andre kulturar. Til dømes eit Brooklyn-bilete i Noreg og motsett, forklarar han med eit smil.

Han seier at naturen i Noreg er vakker og at han set pris på å vera ein del av symposiet.

– Det er spesielt å måla med andre.

Torill Stray, som er ein kunstnar som òg held til i New York, er like begeistra for opplegget.

– Dette er ein fin kontrast til New York. Me har opplevd mykje ulikt vær og ikkje minst ein nydeleg solnedgang. Eg har gledd meg til å koma til Austevoll, fordi eg har høyrte mykje fint om staden, seier ho. Så går ho for å henta meir kaffi til kunstnarane.

Kyrre Møgster, som er ein annan kunstnar busett i USA, men som har heile slekta si frå Austevoll, ville òg delta på symposiet. Han er oppteken av historia og å foreviga bestemora si på lerretet.

– Det er viktig at me tek vare på historia. Difor målar eg bestemora mi, som ventar på at bestefaren min skal koma heim frå sjøen, forklarar han.

Det er tydeleg at kunstnarane under symposiet ikkje får nok av dei vene motiva frå nøythengja. Mange av dei kan tenkja seg å koma tilbake.

Laurdag vert det auksjon av måleria i Bekkjjarvik.